

01 MARS 2024  
ÅRGANG 57

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

# Kyrkjebladet



**Sokneprest Kristin sluttar** s. 4-5

1.mai i Ytre Arna s. 8-9

God påske s. 11

Kulturdagane s. 12-13



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim  
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal, Møyfrid N. Opheim

Design: Ruth Sofie Steinland  
Trykk: Unigrafisk AS  
Opplag: 5700  
Foto framside: Odd Mehus  
Neste utgave: 23.aug Materiellfrist: 10.juli

Arna kyrjekontor  
Telefon: 55 36 22 70  
arna.menighet@kyrkja.no  
Facebook: @arnakyrkje

Arna Kyrkjelydshus, Lakslia 21  
kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen

Dagleg leiar: Marianne W. Fanebust

Kapellan: Gina Marie Reisæter-Thu  
gr693@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøy  
cs262@kyrkja.no, telefon: 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf, os377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd  
Tlf. 55 36 22 73, ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no  
Facebook: @ytrearnakyrkje

Open kyrkje: Onsdag 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik  
if952@kyrkja.no, telefon: 916 06 626

Dagleg leiar: Benthe Vevle

Trusopplærar: Margreta Myklebust  
mm469@kyrkja.no  
Marianne Hjortland mh798@kyrkja.no

Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Tilsette i begge kyrkjelydar:

Kyrkjetenar: Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,  
telefon: 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20: Maria Aasheim Grosås  
mg647@kyrkja.no, telefon: 413 60 923

Styrar Noa og Sakkeus open barnehage:  
Møyfrid N. Opheim,  
sakkeusopenbhg@outlook.com

BKF/Kirketorget:  
Dåp/vigsel/gravferd, Tlf. 55 59 32 10,  
kirketorget.bergen@kyrkja.no  
Besøksadresse: Marken 34

Vil du gje ei gåve?

Arna Kyrkje  
konto: 1506.60.81157, Vipps: 11237

Ytre Arna Kyrkje  
konto: 5081.08.12726, Vipps: 12191



## Får du til å tru?

Då eg valde å bli prest, vart eg møtt med ulike reaksjonar. Dei fleste var veldig positive, og nokre var overraskande. Ein sa: «Tenk at du har så sterkt tru at du kan bli prest. Det hadde ikkje eg klart.» Vennen min har ei gudstru, og har tankar om at denne trua er lita.

Eg har møtt mange som snakkar ned si eiga gudstru. Somme tenker at dei som går ofte i kyrkja, sikkert trur mykje meir eller sterkare enn dei sjølv gjer. Er tru noko me kan få til? Er det noko me kan grubla oss fram til? Eller koma fram til ved å lesa mykje i Bibelen?

Eg trur ikkje det. Tru er tillit og relasjon, ikkje prestasjon. Trua er ei gave, det er noko Gud skaper i oss. Martin Luther sa det slik: «Eg trur at eg ikkje av eiga fornuft eller kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han» (frå forklaring til 3. trusartikkel). Luther slår fast at det er Gud, gjennom Den heilage ande, som skaper trua.

I dåpen fekk eg del i frelsa, ved trua. Eg vart boren fram, kunne ikkje gjera noko frå eller til. Då vart trua sådd i meg. Så er det som med andre frø; miljøet kan til ein viss grad påverka vekstvilkåra til det me har sådd, men aldri fullt ut. For meg handlar det altså ikkje om å få til å tru eller om trua er lita eller stor. Eg har tillit til at eg er Guds barn og at eg høyrer til.

Som døypet er du ein del av kyrkja og kyrkjelyden, anten du kjem sjeldan eller ofte. Viss du vil, kan du venna deg til å høyra til. Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap av små og store, med alle moglege funksjonsnivå, der ingen av oss får til å tru.

For av nåde er de frelse, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gave.

Ef 2,8



Kristin Hjertaker | Prest

## Takk!

Kristin Hjertaker slutta som redaktør i Kyrkjebladet ved nyttår. Ho redigerte bladet dei to første åra etter at me gjekk ut av samarbeidet i prostiet og skulle få i gang eit eige blad for Arna og Ytre Arna. Med bakgrunn som journalist og kjennskap til alle ledd i prosessen med å gje ut eit blad, har ho spela ei avgjerande og uerstatteleg rolle i dette arbeidet. Ho har tenkt korleis bladet skulle vera, og hatt fagleg grunnlag for å gjera det.

Det er òg ho som har hatt kontakten og fått på plass avtalar både med trykkeri og designar. Når ho no overlèt redaktørstolen til Møyfrid N. Opheim, leverer ho frå seg eit blad med trygge rammer og gode rutinar.

Takk for alt arbeidet du har gjort, Kristin!

- Redaksjonsnemnda



## Solsikke, superhelt og ny redaktør

**Møyfrid Opheim har vært frivillighetskoordinator i Arna kyrkjelyd. I dag er hun styrer for Sakkeus open barnehage i Arna og Noa open barnehage i Ytre Arna, hun er med i Familiekoret og Klubben for funksjonshemmede. Og alle som kjenner henne tror jeg vil være enig i at hun er en solsikke og en superhelt. En person som sprer lys og varme rundt seg. Og får nye blomster til å blomstre.**



Og fra og med dette bladet er Møyfrid den nye redaktøren for Kyrkjebladet i Arna. Hva ønsker hun så at Kyrkjebladet for Arna skal være?

### Vise hva som skjer

“Det må være et blad som viser hva som skjer i både Arna og Ytre Arna kyrkjelyd. Hva som skjer i kirka, men ikke minst hva som skjer i kyrkjelydshusene”, begynner hun med. Gjerne fra vaskedamen kommer om morgenen til lyset slukkes om kvelden. Det må ha et lokalt preg.

### Her er det plass for deg

Kyrkjebladet må også kunne formidle at “her er det plass for deg”, fortsetter Møyfrid. At det som skjer her er en mulighet for fellesskap. Kanskje på Babysang. Kanskje på Seniorsenteret. Presentert gjerne med mange bilder. Det lyser jo ikke akkurat kafé av Kyrkjelydshuset! Heller ikke at seniorsenteret leverer middag.

### Motvekt til det digitale

Færre og færre leser papiraviser. Samtidig er informasjonsmengden så stor og så flyktig på digitale media at mye bare dukker opp og forsvinner igjen, mener Møyfrid. Hun ønsker at Kyrkjebladet kunne være en motvekt mot det digitale. At det kunne ligge fremme som et slags lagsnytt som sier noe om hva, hvor og når ting skjer. Med bilder som bokstavelig talt gir et bilde av det som skjer. Og slik også være et nyttig blad for innflyttere til Arna.

### Åpenhet

Møyfrid er selv en person som er åpen for hva andre mener. Og kunne gjerne tenke seg å spørre folk hva de ønsker å lese om. Og kanskje ha et intervju med to som tenker forskjellig om noe.

På vegne av alle Kyrkjebladets lesere ønsker vi Møyfrid velkommen som redaktør.

TEKST: ERIK RODAL  
FOTO: ODD MEHUS

*Sokneprest Kristin Hjertaker har nøyaktig ein månad att før ho har si siste gudsteneste i Arna kyrkje. Mellom førebuing av preike, salmesong med konfirmantane og alt anna som skal vere klart før ei helg, har ho laga plass for ein prat med Kyrkjebladet. Dataprogrammet har slått seg vrangt, men ho snur ryggen til heile greia og pustar ut over ein tekopp.*

## Sokneprest Kristin sluttar

- Menneskemøta ber eg med meg

Korleis vil du oppsummere desse fire åra i Arna, Kristin?

- Eg trur eg vil seie at menneskemøta har vore det aller viktigaste. Alle eg har møtt i ulike situasjoner, både i sorg og glede. Både i planlagte samtal og spontane møte på butikken. Kollegaer, frivillige – nokre av desse møta vil eg aldri gløyme! Eg lærer så mykje i møte med menneske! Så må eg og ta med musikken. I Arna har Olav Arne og 'heile hans hus' vore ein stor bonus!

Ei av Kristin sine hjartesaker er å få fleire til å kjenne seg heime i kyrkja. Å arbeide med å skape gode møtestader er og eit av satsingsområda til Arna sokneråd, og her har Kristin bidrge sterkt. I tida med 'unntakstilstand' i det sosiale under koronaen vart blant anna dåpssamtalar gjennomført med ein familie om gongen. Det gav høve til å bli ekstra godt kjent med familiene. I løpet av desse åra har det vorte nokre dåpsbarn – til og med fleire i same familie. - No kjenner eg til og med igjen

enkelte familieklenodie som dåpskjolen gjerne er, smiler ho.

Etter kvart vaks ønsket om ein møtestad for småbarnsfamiliar fram og resulterte i Familiekorset. Å drive kor ligg slett ikkje til soknepresten sin instruks. Dette er noko ho gjer på fritida, og med stor glede. Som ho seier – mesteparten av livet hennar har vore som frivillig i kyrkja og ikkje prest. Å vere frivillig er det ho kan best! Før Kristin tok prestutdanning i vaksen alder, var ho med i både konfirmantarbeid, kor og Alpha. - Å vere på Familiekorset gir energi! Og så måtte eg bli 55 år før eg



Kristin prest og Leonard, eitt av dåpsbarna på dåpsgudsteneste juni 2023. Foto: Fabio Aguiar

hugsa kor gøy det er å leike 'tikken'! Eg har ikkje leika så mykje på år og dag som det eg gjer på Familiekorset. Og eg trur at Gud er til stades i leiken – når folk kjenner seg sett og at dei hører til. Det absolutte høgdepunktet var då Familiekorset deltok på direktesendt TV-gudssteneste, sjølv om ein pjusk prest måtte sjå på frå godstolen heime.

Ein annan møtestad Kristin trekkjer fram, er Klubben. Det var eit bevisst val at Klubben skulle få blomstre på den første NRK-gudstenesta frå Arna! Også for Arna-bygda var det viktig å vise at Klubben finst. I

Klubben kjem ein som ein er, og med det ein har akkurat då. Her er det raust med gode klemmar og plass for alt livet byr på.

Det å kunne vere til stades i kyrkja med heile seg, på godt og vondt, er viktig for Kristin. Det har vist seg spesielt viktig når livet treffer hardt. I løpet av åra i Arna har Kristin fleire gonger opna kyrkja for eit lokalsamfunn i sorg. For



Kristin preikar på konfirmasjonsgudsteneste i mai 2023.

presten er gravferder og møte med sørgrjande ein sentral del av tenesta. Sorgarbeid og sjelesorg er ein relativt usynleg del av tenesta som betyr mykje for Kristin. Mange av desse relasjonane varer over tid og berører henne som menneske.

- Spesielle hendingar er noko eg vil hugse for alltid, men og det 'vanlege' og udramatiske kan gjere inntrykk. Kvardagsforteljingar kan seie meg noko om korleis Gud er til stades i kvardagen.

Nemn ein ting du er spesielt nøgd med å ha fått til!

- Eg er veldig glad for det gode samarbeidet med ulike lag og organisjonar som Arna-Bjørnar, Rotary, Øyrane Torg, korps og så vidare. Det å vere synleg også utanfor kyrkja gjer at folk har teke kontakt, blant anna fordi dei har sett meg i avisar. Dette med ei synleg kyrkje var og bakgrunnen for hennar begeistring over å bli 'stall-menighet' for NRK, det vil seie direktesendte gudstester med jamne mellomrom. Her har ho bevisst trekt inn ressursar både i og rundt Arna kyrkje. - Og så er det igjen dette med menneske-

møte. Det har vore fint å møte folk fleire gongar, for nokre familiarer har eg nesten blitt 'fastpresten' som har følgd dei gjennom vigsel, dåp, konfirmasjon og gravferder. Eg skulle berre ønskje at eg var litt betre på å hugse andlet!

Er det noko som vart annleis enn du hadde sett for deg då du starta tenesta i Arna?

- Eg hadde ikkje trudd at det skulle ta to år å få på plass ein prest til! Denne mangelen på ressursar har naturleg nok påverka arbeidet. Men no når Gina Marie er her, har Arna fått ein fantastisk kapellan! Det er nesten så det er vanskeleg å slutte akkurat no...

Kristin har blant anna ivra for å opne kyrkja til faste tider. Etter ei tid måtte dette innskrenkast grunna mangel på frivillige. Dette er ei av utfordringane Arna kyrkjelyd har, meiner Kristin. Det er så mykje bra som skjer, men oppgåvane er delt på for få personar. - Eg har sakna fleire å dele oppgåvane på. Ein treng ingen studiepoeng for å trekke pølser! Samtidig må eg seie at eg gler meg

over fleire nye unge gudstenes-temedhjelparar som har kome til i det siste!

Den avtalte timen vart til to, og den avtropende soknepresten må tilbake til arbeidet. - Eg har trivest godt i Arna, seier ho. - Når eg sluttar no, er det todelt: Eg treng ei preststilling med ein litt annan profil – og eg har kjent på eit spesielt kall til å vera prest på Askøy. Eg har fleire gonger blitt oppmoda om å søkje Erdal. Sist passa det ikkje. Når stillinga no vart ledig på nytt, kjente eg på at eg måtte søkja.

Kva ville du teke med deg frå Arna til Erdal, om du kunne?

Kristin ler. - Kapellanan? Og Familiekor... Forresten, Familiekor har dei alt!

Den siste andakten Kristin skriv i kyrkjebladet for denne gang, kan du lese på side 2.

TEKST: MØYFRID N. OPHEIM  
FOTO: ODD MEHUS



Soknerådsleiar, Jorunn Haukås, er snart klar med gratis middagservering, for store og små.  
Foto: Tor Oddvar Holmefjord

## Middag i Ytre Arna kyrkjelydshus

*Ein onsdag i månaden innbyr soknerådet og Noa open barnehage til middag og fellesskap for alle generasjonar!*

Mellan kl 14 og 17 vert det servert god heimelaga middagsmat med noko søtt attåt. Og det kanskje aller viktigaste for mange – den gode praten – får du på toppen!

Barna kan leike og ha det kjekt både inne og ute, og trusopp-lærar Margreta avsluttar etter-middagen med høgtlesing og kakao i kosekroken.

Det er inga påmelding, her er det berre å kome når svolten melder seg! Maten er gratis, men dei som vil, får lov å gje ei gâve (Vipps 12191, mat Noa/soknerådet).

Datoane framover er: **20. mars, 24. april og 29. mai.**

*Velkommen både om du kjem åleine eller saman med nokon!*

## Ytre Arna sokneråd

Frå venstre:  
Ingvar Fløyvik (sokneprest)  
Jan Olav Lien Hansen  
Vigdis Eikeland Loftås  
Jorunn Haukås (leiar)  
Thor Kalland (nestleiar)  
Terje Angeltveit (1. vara)

Marianne Vevle Hjortland  
og Egil Landøy var ikkje til  
stades då biletet vart teke.

Foto: Tor Oddvar Holmefjord



## Kyrkjelydshuset *- Eit hus med mange rom, og rom for mange!*

**Tenk kor mange aktivitetar dette huset kunne romma dersom huset var i betre stand! Ønskelista til Ytre Arna sokneråd er lang når det gjeld kyrkjelydshuset. På soknerådet si strategisamling i januar vart det vedteke å gå vidare med planane om oppussing i den grad økonomien tillet det.**

TEKST: JORUNN HAUKÅS OG MØYFRID OPHEIM

Dette året fyller Ytre Arna kyrkje 125 år! Det skal markerast på ulikt vis framover. Noko av feiringa kjem til å gå føre seg i kyrkjelydshuset, som og har nådd ein vaksen alder. Soknerådet er heldige - eller uheldige - som eig eit kyrkjelydshus som vart bygd i 1908 og såleis har passert 115 år.

Kyrkjelydshuset har ei spennande historie. Det vart bygd som gamleheim for Arne Fabrikker sine arbeidarar. Sidan har det vore barnehage, bustad og prestekontor i huset.

I dag er det berre romma i første høgda som er i bruk. Salen vert nytta av Noa open barnehage tre dagar i veka. Sanitetet har medlemsmøte og styremøte der. Huset vert og nytta til konfirmantundervisning, soknerådsmøte og andre møte. Kjøkkenet vart pussa opp i 2015 og er bra utstyrt både for eige bruk og til utleige.

Det å drifta eit stort gamalt hus er ikkje enkelt. Me arbeider med fleire utbetringar av huset. I 2023 måtte me våla eit stykke av taket der det over tid hadde vore ein lekkasje. Me har hatt eit ønske om å byggja hyblar i 2. og 3. høgda, men kommunen har sett foten ned og seier nei pga. manglende ute-område og parkerings-plass. Huset skrik etter oppussing i dei to øvste høgdene, og i år har me vore nøydde til å gjera fleire investeringar. Den største og viktigaste var å få inn ny ytterdør.

Heldigvis har me eit dugande husstyre som hjelper oss med

delar av det praktiske arbeidet. Husstyret tek gjerne imot fleire som kan bidra med utbetring av dette flotte huset! Eit sokneråd er ikkje ei oppkoma av pengar, så difor må ein prioritera det viktigaste.

Draumen er at det igjen skal lysa frå vindauge i alle tre etasjane, og at huset kan bli ein møtestad for endå fleire ulike aktivitetar i bygda vår.



I andre etg er det restar av ein tidlegare barnehage. Kanskje nokon kjänner seg igjen.  
Foto: Tor O. Holmefjord.

«No har eg vore ein stad der dei  
veit korleis 1. mai skal feirast!»



## Ytre Arna — Staden der 1. mai-programmet startar i kyrkja

**«Det kjendest sårt då det nokre år ikkje var 1. mai-gudsteneste i Ytre Arna. Gudstenestene hadde vore ein naturleg del av dagen heilt frå eg var gut.» Dette seier Geir Dale. Han er vel kjend for dei fleste, men er dagleg leiar i Arna frivilligsentral, medlem av bystyret og ein viktig AP-politikar i kommunen. Viktigare i vår samanheng er at han har vore sentral i 1. mai-markeringa i Ytre Arna gjennom svært mange år.**

TEKST OG FOTO: INGVAR FLØYSVIK

I år er Ytre Arna kyrkje 125 år. Fabrikkeigar Jürg Jebsen fekk henne bygd for arbeidarane, og ho var eigd av Arne Fabrikker fram til 1936. I samband med jubileet har eg fått med meg Geir Dale for å snakka litt om kyrkja sin plass i 1. mai-feiringa. Det har vore gudstenester denne dagen i alle fall frå dei fyrtre åra etter krigen, fortel Geir, kanskje lenger.

- Programmet for 1. mai byrja kl. 9. Då starta ein barneprosesjon i Breisteinslia og ein på Sletta. Toga møttest i sentrum, snudde ved fabrikken og gjekk til kyrkja der det var familiegudsteneste kl. 10. Kyrkja pla vera fullsett. Ofte kom utflytta Arna-buar heim og var med. Frå familiegudstenesta bar det opp til gamleskulen. Her stelte ein til leikar for borna. Hovudprosesjonen var utspelet etter middagen. Folk stilte opp ved barnehagen, gjekk via Segarsbakken til Dr. Krohns veg og opp att til skulen. Eg vokt opp som nærmeste nabo til kyrkja og har vore med sidan eg var liten. Ei eldre syster fortel at ho sat i trillevogn fyrste gongen ho deltok.

Når Segarsbakken fyrst er nemnd, fortel Geir at grensa mellom det fabrikken eigde, og det bøndene ikkje hadde selt, gjekk nett der. Dei fyrtre 1. mai-arrangementa vart difor haldne her, for fabrikkeigarane ville lenge ikkje la arbeidarane markera dagen. Seinare vart arrangementa flytta til Samhold.

Mange har fortalt at borna hadde vanskar med å skilja 1. og 17. mai. Begge var festdagar med barnetog, leikar og mykje godt å bita i. Takkofferet i gudstenesta gjekk til Kristne Arbeideres Forbund (no: Kristne arbeidere). Dei var ofte representerte på dagen. For det var ikkje så mange andre plassar det var offer til denne foreininga. Nokre år samla ein spesifikt inn til Olavsskulen (no: Bømlo folkehøgskule). Frå 2019 har takkofferet, etter ynske frå 1. mai-komiteen, gått til Tore Eikelands legat.

Men i 2002 vart det altså inga gudsteneste. Ikkje året etter heller. Talet på forordna gudstenester i Ytre Arna skulle noko ned, og dei som bestemte, fann ut at 1. mai-gudstenesta var ein grei stad å kutta. Mange sakna denne delen av 1. mai-feiringa, det var noko som mangla. I 2006 kom gudstenestene likevel i gang att. Geir fortel:

- Eg hadde nett byrja jobba i eit prosjekt på kulturhuset. Me ville ha ein serie konserter. Eg tenkte det var bra med ulike slag musikk og arrangerte ein konsert med Bergen gospelkor. Det vart ein fin konsert, men mest ikkje folk. Bygdnytt var til stades. Eg sa dette beviste at det var vasstette skott mellom kyrkja og kulturhuset. Dagen etter ringde kantor Siri Brunvoll og spurde om eg ville vera med i komiteen som arbeidde med å få nytt orgel til kyrkja. Etter det eg hadde sagt i Bygdnytt, kunne eg jo ikkje godt nekta.

Under arbeidet i orgelkomiteen kom Geir òg i prat med den nye presten, Arne Mulen. Geir orda frampå om det kunne vera råd å nys opp att tradisjonen med 1. mai-gudstenester. Arne var villig, og sidan har gudstenestene vore årvisse i Ytre Arna. Få stader i landet, og visstnok ingen andre i Bergen, har det. Orgelkomiteen gjorde elles arbeidet sitt vel; i 2006 fekk kyrkja både eit digitalt orgel og eit flott konsertflygel.

Mange kjende personar har hatt appell 1. mai i Ytre Arna. Eit år var Gerd-Liv Valla her. Ho var til stades både i gudstenesta og under barneleikane. Tilbake i Oslo sa ho: «No har eg vore ein stad der dei veit korleis 1. mai skal feirast!» Eit anna år kom Anne Grethe Strøm Eriksen. Det var medan ho var ordførar i Bergen, tett før parlamentarismen vart innført. Det året var det dåp i gudstenesta, og det var svært viktig for dåpsfamilien å få ordføraren med på bileta.

Kjem 1. mai, vert det gudsteneste i år òg. Takkofferet vil gå til det viktige arbeidet Tore Eikelands legat finansierer. Barne- og ungdomskoret Non Stop Singing skal synga, slik dei har gjort dei siste åra. Gudstenesta byrjar kl. 11. Ruta for prosesjonen vert litt kortare i år, opplyser Geir; det vert oppstilling ved minnesmerka. Så vert det appellar i kulturhuset Sentrum og leikar for borna slik det plar vera. Ein god, tradisjonell 1. mai i Ytre Arna, med andre ord.



1.mai-markering i Ytre Arna. Foto: Geir Dale



Kine Bratli Dale orienterer om Tore Eikelands legat Foto: Geir Dale

# Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje 2024

Sundag 28. april kl. 11.00

Isac Brurås-Olsen  
Arne Nes Hjønnevåg  
Mikael Pedersen-Johansen  
Alva Eide Kjønnes  
Caroline Pedersen  
Jonas Sjøholm-Kaastad  
Olav Fjellanger Veseth  
Ida Olea Aasheim

Sundag 5. Mai kl. 11.00

Preben Knutsvik Christensen  
Mina Marie Evensen  
Jonas Haugsvær-Titlestad  
Elise Haveland  
Frida Kvamme  
Sofie Kversøy-Sirkka  
Thorbjørn Haarstad Larsen  
Hanne Kalland Prestegård  
Leonard Lothe Simonsen  
Adrian Lang Stavenes

## Bibeltimar i Ytre Arna

Me har allereie hatt to bibeltimar i vår i eit samarbeid mellom dei to bedehusa i soknet og kyrkjelyden. Enno står to att:

Onsdag 20. mars kl. 19.00  
på Ytre Arna bedehus ved Audun Hjellvik. Emne: Kristi sendebod i aksjon

Onsdag 24. april kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje ved Ingvar Fløysvik.  
Emne: Vitne om at Jesu er stått opp.

Det vert anten ein dobbel bibeltime med kaffi i pausen, eller ein lengre time og ein kaffikopp etterpå.

## Har du lyst å bli konfirmert i Ytre Arna kyrkje?

Du er eller blir 14 år no i 2024. Då er du velkommen til å meldu deg på konfirmantopplegget i Ytre Arna. Eg veit ikkje kva forhold du har til kyrkja og kristen tru. Kanskje har dette vore ein naturleg og viktig del av livet heilt frå du var bitte liten. Eller kan henda har du ein del gode minne frå Ving og T & T/Torsdagssklubben eller andre kristne tilbod for born, men er elles lite granne på sidelinja? Det kan òg vera at du først og fremst har hørt om kristendomen i KRLE-undervisninga på skulen og kanskje har litt vanskar med å skilja kva som høyrd til kristendomen, og kva som gjaldt jødedomen eller islam. Uansett kan konfirmantåret bli ei fin tid der du lærer meir om kristen tru og får oppleva i praksis kva kyrkja er.

Konfirmantopplegget begynner i månadsskiftet august-september, og du blir konfirmert anten 27. april eller 4. mai 2025. I Ytre Arna bruker me eit opplegg som heiter Tentro. Det er laga av PinseUng, men me har fått lov å tilpassa det til vår bruk. Me samlast annankvar onsdag frå september til april, syng litt saman, får høyrta litt om det som er emnet for kvelden, kanskje samlast i grupper og snakkar om det me har hørt, og så et me saman til slutt - alt er unnagjort på om lag halvannan time. Du kjem òg til å delta på nokre gudstenester i kyrkja.


Siste helga i oktober dreg me på konfirmanthelg til Gullbotn konferansesenter. Det kan du gle deg til.

Alle som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja, fødde i 2010 og folkeregistrerte i Ytre Arna, får i byrjinga av mai brev med registreringsskjema. Her får du òg fleire detaljar om konfirmantåret. Viss du ikkje er døypt, dersom du er medlem av eit anna kyrkjesamfunn, eller om du bur utanfor Ytre Arna sokn, men ønsker å bli konfirmert i Ytre Arna, tek du kontakt med presten, Ingvar Fløysvik, anten på tlf. 916 06 626 eller e-post [if952@kyrkja.no](mailto:if952@kyrkja.no), så sender me skjema til deg òg. Skjemaet vil òg liggja på nettsida vår, [kyrkja.no/ytrearna](http://kyrkja.no/ytrearna).



# God påske!

Tips til ting å gjera i påsken:



### Film: Risen

Gjennom ein romersk soldat sin auge blir påskeforteljinga fortald på ein annleis måte.

Filmen kan leigast eller kjøpast på dei fleste strømmetjenestene.



### Orgelresitasjon på langfredag

29. mars kl 10.30

Kantor i Arna kyrkje Olav Arne Steinkopf, framfører orgelmusikk av bl.a. J. S. Bach og L. Vierne.

Dette er ein kort orgelkonsert med musikk som høver til dagen. Konserten er med og set an tonen til gudstenesta langfredag som byrjar kl. 11.00.

Det er gratis inngang.



### Narnia: Løven, heksen og klesskapet

Bøkene fortel om reisa gjort av barn frå vår verd til det magiske landet Narnia og om opplevin-gane dei har der.

C. S. Lewis sine bøker og filmar har ein klar parallel til den kristne påskeforteljinga. Løva Aslan har liknar Kristus ved at han dør ein soningsdød og står opp at.

## Kulturveld på Klubben!

Velkommen til aktiv og kreativ kveld,  
onsdag 24. april kl. 17.30-19.30.

Det blir ringdans og felles-dans  
ved Arnaringen. Du bestemmer  
sjølv om du vil svinge deg på golvet  
eller vere publikum! I kulturverk-  
staden kan alle lage noko fint til å ta  
med heim. Kafe med sal av vaffel,  
kaffi og mineralvatn. Utlodding.  
Inngangspengar kr. 50,-

Arr.: Klubben for funksjonshemma  
Arrangementet er ein del av  
Kulturdagane i Arna.



## Gåve til Kyrkjebladet

Bli med å støtt Kyrkjebladet.  
Bruk QR-koden, eller Vipps til  
11237. Tusen takk!



# KONSERT | YTRE ARNA KYRKJE



26.04.2024 kl 19:00

Bane- og ungdomskoret  
**NON STOP  
SINGING**  
ved Marianne Hjortland  
og Jørn Skauge

Firhendige stykke  
for piano av  
Edvard Grieg  
ved Jørn Skauge og Maria  
Spikkeland

Solostykke av  
Felix Mendelssohn  
ved Jørn Skauge

MIRIEL



**GRATIS INNGANG - valfri kollekt**  
Arr: Ytre Arna kyrkjelyd

Foto: Møyfrid Opheim

## Aktivitetar for barn & ungdom

Babysang  
Arna kyrkjelydshus  
Torsdagar 10.30-12

Sakkeus open barnehage  
Arna kyrkjelydshus  
Måndagar kl 9-15

Noa open barnehage  
Ytre Arna kyrkjelydshus  
Tirs., ons., tors., kl 9-14.30

Familiekoret  
Arna kyrkjelydshus  
Annakvar tysdag  
kl 16.30-17.30

Alle aktivitetane har  
eigne Facebook-sider.



Open barnehage er kjekt for både born og vaksne.  
Foto: Møyfrid Opheim

# Kulturdagane i Arna

## Klassisk møter jazz

Laurdag 20. april kl 18.00  
Arna kyrkje.

Den klassiske fløyten Knut Magnus Bøen, allround pianist/organist Olav Arne Steinkopf og jazzmusikarane Ole Amund Gjersvik – bass og Sigurd Steinkopf – trommer set kvarandre i stemne. Me får høyra musikk av den berømte franske komponisten og jazzmusikaren Claude Bolling, vakker klassisk musikk for fløyte og nokre jazzstandardlåtar. Kollekt ved utgangen.

## Jazzmesse

Sundag 21. april kl 11.00  
Arna kyrkje.

Det vert svingande rytmar og leikande improvisasjoner med profesjonelle jazzmusikarar denne søndagen. Ein av dei er trompetisten Ørjan Hammer Vollvik, eit unikum på sitt instrument! I tillegg til eminente musikarar med bakgrunn frå jazzlina ved Griegakademiet i Bergen, medverkar dyktige forsongarar og solistar. Kantor Olav Arne Steinkopf er kapellmeister. Gina Marie Reisæther-Thu er liturg.

## Concert Romantique

Laurdag 27. april kl 15.00  
Arna kyrkje.

Denne romantiske konserthen har etterkvart vorte ein tradisjon i samband med kultur-dagane. Kantor Olav Arne Steinkopf og solist Cathrine Snipsøy framfører vakre songar i ulike sjangrar om kjærleik, håp og glede. Mange av desse songane vert ofte nytta i samband med vigslar. I tillegg får me høre fleire kjende og ukjende brudmarsjar. Går du i giftetankar og treng litt inspirasjon, eller ynskjer du berre å høre vakker romantisk musikk? Då er dette noko for deg!  
Gratis inngang.

## Salmefest

Sundag 28. april kl 18.00  
Arna kyrkje.

Salmeareven etter Martin Luther blir her videreført i ei ny og spennande klangdrakt. Medverkande er Arna og Ytre Arna kyrkjekor, forsongarar og dyktige profesjonelle musikarar. Musikalsk ansvarleg er kantor Olav Arne Steinkopf. Til slutt blir det ein liten ønskekonsert der folk kan få velgje sin eigen salme.



1: K. M. Bøen, O. A. Steinkopf, O. A. Gjersvik og S. Steinkopf  
Foto: Berit Kallekleiv



3: Olav Arne Steinkopf og Cathrine Snipsøy  
Foto: Ingvar Fløysvik



4: Elisabeth Lid Trøen. Foto: Jens Westbye





**Slekters  
gang**

## Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemndene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

**Vi er på lag - til beste for Arna!**

For Arna sokneråd: Kristin Haukaas  
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



**Natur**

**Ditt lokale verksted**

**Stammeshagen Auto AS**

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stammeshagenauto.no>  
Facebook: Stammeshagen Auto AS  
Kontaktpersoner: ektefelle: Terje Angelvoll, ektefelle Gudrunn Stammeshagen

**NorEngros**  
**K.J. Brusdal AS**

**ARNA**  
**glass as**

**M. VATLE & SØNN AS**  
AUT. RØRLEGGERRFIRMA  
Etab. 1946

**Bodegadrift**  
drift og utleie av eiendom

**ARNA**  
gravferdsbyrå **DAHLS**

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.  
tlf: **55 24 08 08** (24t). [arna-gravferdsbyraa.no](mailto:arna-gravferdsbyraa.no)

**ODDVAR**  
**BJELDE**

Tlf. 55 53 55 20 | [oddvarbjelde.no](http://oddvarbjelde.no)

**Revheim**  
**Gravferdshjelp**

Me hjelper deg med gravferder og bisettelser  
Sissel 48 13 78 15 - Karin 99 29 71 12  
[revheimgravferdshjelp.no](mailto:revheimgravferdshjelp.no) [revheim@grhjelp.no](mailto:revheim@grhjelp.no)

*Og Gud sa: «Se, jeg gir dere alle planter som setter frø, alle som finnes på hele jorden, og alle trær som bærer frukt med frø i. Det skal dere ha å spise. Og til alle dyr på jorden og til alle fugler under himmelen og til alt som kryper på jorden, alt som har livsånde i seg, gir jeg alle grønne planter å spise.»*


1 Mos kap.1 v.29-31

Ordene finner vi mot slutten av fortellingen om skapelsen. En fortelling om en verden uten blodsutgjytelse. Det er ikke naturhistorie. Men teksten forteller at Guds vilje er at vi skal verne om alt som lever. Slik er det en tekst inn i vår tid.



### Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet.  
[2011evf@gmail.com](mailto:2011evf@gmail.com), tlf. 45872399



**Espeland Fangeleir  
Venneforening**

## Arna

### Døpte:

Alise Indrøy Andreasson  
Emilian Sivertsen Veseth  
Aksel Davidsen Solberg  
Håvard Eltun Tvedt  
Signe Veseth Justad  
Storm Thunestveit-Kleiveland  
Juli Mellem Phillip  
Leah Halsøy Hope  
Sebastian Taule  
Tuva Arnetvedt Garlimo  
Nora Hammerstad Bauge  
Ariel Skaa Skaftun  
Oliver Meland Skjellanger  
Jens Vindal Mjeldheim  
Isabella Fiola Avelina Bjørge  
Diana Grebcova

### Døde:

Inger Myklebust  
Gerd Heimdal Knudsen  
Karl F. Minde  
Per Listhaug  
Thora Kathrine Soltveit  
Jorunn Karin Vaksdal  
Asbjørn Starnes  
Magnhild Helle  
Jan Martin Henriksen  
Johanne Thunes  
Bjørn Olaf Monsen  
Ingrid Hystad Kvamme  
Bodil Rolland  
Arne Sigvard Jensen  
Margit Åmot  
Rune Gjerde  
Aashild Bratland  
Ragnvald Andreas Leiknes  
Olaf Hysing-Olsen  
Kirsten Skogseide  
Erna Bergitta Eriksen  
Reidar Bratland  
Leiv Birger Hauge  
Arvid Tunestveit  
Kari Berger  
Margot Pernille Nygård  
Wenche Karin Aastveit

## Ytre Arna

### Døpte:

Jenny Jandoc-Landhaug  
Adine Milana Pedersen  
William Kårdal Myking  
Mikael Pedersen-Johansen

### Døde:

Oddrun Kristin Nygård  
Bygstad  
Margun Helen Loftås  
Asta Espedal Eriksen  
Wigdis Johansen  
Sollaug Thorsen  
Gudny Hunshamar Skorpen  
Anny Kristine Knutsen  
Øystein Askeland Waagbø  
Per Helge Nordseth

# Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med etterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. I Ytre Arna har me sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant me får det til. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna) eller [www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna). Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.

Arna: 55 36 22 70 (kyrkjekontoret). Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626



**24.03.**

**Palmesundag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Rasmussen.

**28.03.**

**Skjærtorsdag**

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**29.03.**

**Langfredag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**31.03.**

**Påskedag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Høgtidsgudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Høgtidsgudsteneste.

Fløysvik.

**07.04.**

**2. sundag i påsketida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Skauge.

**14.04.**

**3. sundag i påsketida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Jakobsen.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**21.04.**

**4. sundag i påsketida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**28.04.**

**5. sundag i påsketida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Konfirmasjonsguds-  
teneste. Fløysvik.

Ytre Arna vokal.

**01.05.**

**1. mai**

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

Non Stop Singing.

**05.05.**

**6. sundag i påsketida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Skauge.

Overføring til NRK.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Konfirmasjonsguds-  
teneste. Fløysvik.

Ytre Arna vokal.

**12.05.**

**Sundag før pinse**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Jakobsen.

**17.05.**

**Grunnlovsdag**

**Arna kyrkje kl. 11.30:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**19.05.**

**Pinsedag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Grutle.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Høgtidsgudsteneste.

Fløysvik.

**26.05.**

**Treeiningssundag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu

**02.06.**

**2. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små  
og store. Fløysvik.

Non Stop Singing.

**09.06.**

**3. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Jakobsen

**16.06.**

**4. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**23.06.**

**5. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**30.06.**

**Aposteldagen**

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**07.07.**

**7. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. ....

**21.07.**

**9. sundag i  
treeiningstida**

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**28.07.**

**10. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**04.08.**

**11. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**11.08.**

**12. sundag i  
treeiningstida**

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**18.08.**

**13. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. ....

**25.08.**

**14. sundag i  
treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. ....

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.

Fløysvik.

**Velkommen til dåp!**

Alle er velkomne til dåp i kyrk-jene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

[www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna)

[www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna)

